



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

TILSYNSRAPPORT

Kommunen som barnehagemyndigheit – rettleiing og tilsyn

Volda kommune

Tilsynsgruppe:

Gro Toft Ødegård

Bodil Grindvik Uri

Samandrag

Statsforvaltaren fører tilsyn med Volda kommune. Tema for tilsynet er kommunen som barnehagemyndigheit og ansvaret for å drive rettleiing og tilsyn med barnehageeigarane. Tilsynet har som formål å kontrollere om barnehagemyndigheita i kommunen tek i vare ansvaret sitt for å sjå til at regelverket vert etterlevd hos barnehageeigar, jf. §§ 10 og 53, og at barnehagemyndigheita sin saksgang i samband med tilsynet er i samsvar med forvaltningslova.

Volda kommune har omfattande planar og møteverksemd som syner at dei har eit tett samarbeid med barnehagane i kommunen, både kommunale og private. Det vi har fått tilsendt av dokumentasjon og informasjonen vi har fått gjennom intervju, tyder på at kommunen gjer mykje godt arbeid i barnehagesektoren.

Funn

Vi har ikkje funne regelverksbrot i tilsynet og kan dermed avslutte tilsynet.

De kan likevel uttale dykk om rapporten, både vår beskriving av fakta, vår forståing av lova, våre vurderingar og våre konklusjonar. Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngje kvifor. På bakgrunn av eventuell uttale frå dykk, vil vi vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten.

Vi viser til punkt 5 i rapporten.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
2	Risikovurderingar	5
2.1	Rettslege krav	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
3	Rettleiing	9
3.1	Rettslege krav	9
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	9
4	Tilsyn	10
4.1	Rettslege krav	10
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	11
5	De har rett til å klage	12

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 54, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Volda kommune vart frå 01.01.2020 slått saman med Hornindal kommune og har i samband med dette arbeidd mykje med planar og rutinar for barnehagane. Sektor oppvekst i Volda omfamnar etter kommunesamanslåinga barnevern, skole, barnehage, vaksenopplæring og helsestasjon.

I fylgje Basil (Utdanningsdirektoratet sitt rapporteringssystem) har Volda kommune 14 barnehagar, av desse er 7 kommunale og 7 private. Ein av dei private er ein open barnehage. Til saman er det 563 barn som har eit tilbod om barnehageplass i kommunen. Barnehagane er lokalisert i alle delar av kommunen både i Volda og Hornindal.

Basil viser at kommunen har god tilgang på barnehagelærarar og andre med pedagogisk utdanning. Kommunen har ikkje pedagogar på dispensasjon, og dei oppfyller pedagognorma i barnehagane sine. Pedagognorma i Volda kommune ligg på 56,7%, medan nasjonalt gjennomsnitt ligg på 42%.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Volda kommune i brev frå 28.03.2022. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er kommunen som barnehagemyndigheit.

Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Barnehagemyndigheita sitt ansvar for å sjå til regelverksetterleving hos barnehageeigar gjennom rettleiing og tilsyn, jf. barnehagelova §§ 10 og 53.
2. Om barnehagemyndigheita si sakshandsaming i samband med tilsyn er i samsvar med forvaltningslova.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar.

2 Risikovurderingar

2.1 Rettslege krav

Barnehagemyndigheita må ha overordna kjennskap til eigarpliktene som finst i barnehagelova. For å oppfylle ansvaret om å sørge for regelverksetterleving i barnehagane etter forskrift om overgangsreglar til barnehagelova § 1, må barnehagemyndigheita ha oversikt over regelverket ho rettleier om og fører tilsyn med. Det er ikkje nødvendig med detaljkunnskap om alle pliktene til barnehageeigaren, eller at det ligg føre ei oversikt i eit bestemt format. Det er ikkje den personlege kjennskapen hos den enkelte barnehagemyndigheita som er det sentrale, men den samla kjennskapen til eigarpliktene som barnehagemyndigheita har.

Barnehagemyndigheita må ha nok og eigna informasjon om barnehagane til å gjere risikovurderingar. Dersom barnehagemyndigheita ikkje har tilstrekkeleg informasjon om barnehagane sin praksis for å klargjere om barnehageeigarane tek hand om pliktene sine, må ho innhente det. Utan informasjon om regelverksetterleving kan ikkje barnehagemyndigheita vurdere risikoen for brot på regelverket og behovet for rettleiing og tilsyn. Informasjonen skal vise om regelverket er kjent, forstått og etterlevd av barnehageeigarane.

Barnehagemyndigheita må bruke kunnskapen om barnehageeigarane til å gjere løpande vurderingar av sannsynet for og konsekvensen av brot på barnehageeigaren sine plikter i barnehagelova. Barnehagemyndigheita må gjere dette både på bakgrunn av informasjon om regelverksetterleving i den enkelte barnehagen og samla for alle barnehagane.

På bakgrunn av informasjon om regelverksetterleving må barnehagemyndigheita vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. Dette inneber at barnehagemyndigheita må kartleggje risiko for brot på regelverket ved å bruke kjelder som seier noko om regelverksetterleving. Vidare må barnehagemyndigheita vurdere kva for verkemiddel som er eigna til å sørge for regelverksetterleving. Dersom barnehagemyndigheita ikkje bruker den informasjonen ho har om barnehagane, vil ikkje tema for tilsyn og rettleiing vere i tråd med dei faktiske behova. Dette vil igjen føre til at barnehagemyndigheita ikkje sørgjer for regelverksetterleving ved gjennomføringa av rettleiing og tilsyn, jf. forskrift om overgangsreglar til barnehagelova § 1.

Barnehagemyndigheita må bruke lova og forskriftene i tråd med gjeldande rett når ho vurderer risiko for brot på regelverket. Dette inneber at barnehagemyndigheita må vite kva for rettslege krav regelverket set til barnehageeigaren. Det rettslege kravet følgjer ikkje alltid direkte av lovteksten. Barnehagemyndigheita må bruke gyldige rettskjelder og leggje til grunn gjeldande fortolking frå nasjonale myndigheiter for å klargjere kva regelverket faktisk krev av barnehageeigaren.

For at barnehagemyndigheita skal gjennomføre rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar, må ho ha tilstrekkeleg kunnskap om barnehagane, og på bakgrunn av kunnskapen vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. På denne måten vil barnehagemyndigheita få eit bilete av kor regelverksetterlevinga eventuelt er mangelfull. På bakgrunn av denne informasjonen må barnehagemyndigheita bruke sine verkemiddel: rettleiing og tilsyn. Barnehagemyndigheita må gjennomføre rettleiing og tilsyn på ein slik måte at ho bidrar til auka regelverksetterleving i barnehagen. Dersom barnehagemyndigheita ikkje bruker verkemidla i tråd med sine funn, oppfyller ho ikkje plikta si til å sørge for regelverksetterleving.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.2.1 Har barnehagemyndigheita oversikt over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova?

Våre observasjonar:

Kommunen skriv i si eigenvurdering i RefLex at barnehagemyndigheita har oversikt over pliktene til barnehageeigar. Barnehageeigar har ansvar for at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. barnehagelova § 7. Kommunen har utarbeid ei oversikt over kva som er barnehagemyndigheita og barnehageeigar sine plikter. Dette er skriftleggjort gjennom skrivet «Avklaring – Lov om barnehage: ansvar og roller».

Vår vurdering:

Eigenvurderinga i RefLex og informasjon som kom fram i intervju syner at barnehagemyndigheita har god oversikt over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova. Barnehagemyndigheita har fagkompetanse som førskulelærar og lang erfaring. Kommunen nyttar relevante kjelder til oppdatering og informasjon. I intervju gjekk det tydeleg fram at rollene som barnehagemyndigheit og barnehageeigar har vore drøfta og avklart. At kommunen har drøfta dei ulike rollene vart bekrefta av privat styrar/eigar og kommunal styrar.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita har oversikt over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova.

2.2.2 Har barnehagemyndigheita tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarar oppfyller sine plikter etter barnehagelova?

Våre observasjonar:

Kommunen som barnehagemyndigheit har god kontakt med alle barnehagane i kommunen. Barnehagemyndigheita har møte med kommunale og private barnehageleiarar kvar månad og dei har to møter årleg med private barnehageeigarar og styrarar. Tema det siste året har mellom anna vore regional kompetanseordning, tilskot, felles rutine for foreldresamarbeid, tverrfagleg samhandlingsgruppe, overgang barnehage og skule, barnehageopptak, regodkjenning, flytskjema støttetiltak og inkludering,

samarbeid med PPT, psykososialt barnehagemiljø, kontaktstøtterapportering, foreldrebetaling og moderasjonsordningar.

Kommunen skriv vidare at koordinator for støttetiltak er tett på alle barnehagane og det gjer at dei kan følgje opp alle barnehagane i arbeidet med inkludering og oppfølging. Gjennom oppfølgingsmøter får barnehagemyndigheita informasjon om dei ulike barnehagane.

Kommunen har utarbeidd eit årshjul i samarbeid med dei private barnehagane, som inneheld faste møter og andre faste oppgåver som gjeld for alle barnehagane i kommunen.

Barnehagemyndigheita får òg sentral informasjon gjennom årsmeldingar og nasjonal statistikk.

Vår vurdering:

I alle intervju kjem det tydeleg fram at barnehagemyndigheita har god oversikt og kunnskap om dei ulike barnehageeigarane og korleis dei oppfyller pliktene etter barnehagelova. Det er tett samarbeid mellom alle barnehagane i kommunen og mykje arbeid vert gjort i fellesskap. Gjennom eigenvurderinga i RefLex og dokumentasjon syner både møtестruktur, arenaer for samarbeid og oversikt over grunnlag for risikovurderingar at barnehagemyndigheita har tilstrekkeleg kunnskap om korleis eigarane oppfyller sine plikter.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita har tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller sine plikter etter barnehagelova.

2.2.3 Nyttar barnehagemyndigheita denne kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere behovet for rettleiing og tilsyn?

Våre observasjonar:

Kunnskap kommunen får gjennom det tette samarbeidet vert brukt til å gjere risikovurderingar og er medverkande til å eventuelt sette inn tiltak. Kommunen har utarbeidd plan for tilsyn med barnehagane i kommunen, der dei skriv at risikovurdering skal leggest til grunn i barnehagemyndigheita sitt tilsynsarbeid. Det er tilgjengeleg kunnskap og informasjon om den einskilde barnehage som skal leggest til grunn i risikovurderinga. Det er òg risikovurdering som skal leggest til grunn når barnehagemyndigheita skal vurdere behovet for rettleiing etter barnehagelova. Kommunen viser til at barnehagemyndigheita si kartlegging av risiko for brot på regelverket er at dei brukar nasjonale og lokale kjelder, som gir informasjon om den einskilde barnehage si oppfølging av regelverket. Barnehagemyndigheita gir uttrykk for at risikovurdering er noko ein jobbar med heile tida, det er ein prosess med mange inngangsportalar og mange områder.

Vår vurdering:

Barnehagemyndigheita har nær dialog med alle barnehagane i kommunen og intervju syner at ho har god oversikt over stoda i sektoren. Barnehagemyndigheita syner gjennom innsendt dokumentasjon og intervju at ho nyttar relevante kjelder i risikovurderinga.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita brukar denne kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere behovet for rettleiing og tilsyn.

2.2.4 Er barnehagemyndigheita si risikovurdering basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?

Våre observasjonar:

Barnehagemyndigheita brukar tid på å halde seg fagleg oppdatert gjennom å bruke relevant lovverk.

Kommunen held seg også oppdatert ved å abonnere på nyhende frå regjeringa, Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. I tillegg brukar kommunen Lovdata.

Kommunen skriv òg at gjennom Utdanningsdirektoratet sine heimesider får barnehagemyndigheita nyttig informasjon gjennom tolkingar og avklaringar.

Andre arenaer der barnehagemyndigheita held seg fagleg oppdatert er å delta på digitale møter med Utdanningsdirektoratet, KS og Statsforvaltaren.

Barnehagemyndigheita deltek i region- og nettverksmøter med dei andre seks kommunane på Søre Sunnmøre. I desse møta vert mellom anna lovendingar drøfta, for å sikre lik forståing og handsaming.

Barnehagemyndigheita har revidert planar, rutinar, system og årshjul i tråd med Lov om barnehagar i samband med kommunereforma.

Vi har fått tilsendt dokumentet «Plan for tilsyn med barnehagar 2022 – 2026», der kommunen skriv at planen er meint å vere eit verktøy for sektor oppvekst og særskilt avdeling barnehage, samtidig som den skal synleggjere for omgjevnaden på kva måte myndigheits- og tilsynsansvar blir ivaretatt. Planen skal kvalitetssikre og synleggjere korleis kommunen arbeider systematisk med tilsyn.

Vår vurdering:

Bruk av kjelder som Lovdata, Utdanningsdirektoratet sine sider, nyhende frå regjering og departement - i tillegg til foreldreundersøking, klagesaker og besøk ute i einingane - tyder på at kommunen har god oversikt og kunnskap. Barnehagemyndigheita har god oversikt og kunnskap om dei ulike barnehageeigarane i kommunen og mykje arbeid vert gjort i fellesskap. Gjennom eigenvurderinga i RefLex og innsendt dokumentasjon, oversikt over mørestrukturar, arenaer for samarbeid og plan for tilsyn syner at barnehagemyndigheita si risikovurdering er basert på oppdatert informasjon.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen si risikovurdering er basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova.

2.2.5 Gjennomfører barnehagemyndigheita rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar?

Våre observasjonar:

Kommunen viser til at dei vurderer kva verkemiddel som er best eigna for å sikre at barnehagedrifta er i tråd med lovkrava. Dei siste åra har kommunen vurdert at rettleiing har vore tilstrekkeleg og det har ikkje vore naudsynt med tilsyn.

Kommunen har faste møter med barnehagestyrarane og barnehageeigarane der dei driv mykje med rettleiing og det er også tverrfaglege møter. Dette vert stadfesta av styrarane som vart intervjua at det vert lagt stor vekt på rettleiing og skulering.

Vår vurdering:

Kommunen er tydeleg medviten si rolle når det gjeld både rettleiing og tilsyn. Kommunen vurderer at god rettleiing og skulering er eit godt verkemiddel som gjer at tilsyn ikkje har vore nødvendig. Barnehagemyndigheita har tett oppfølging av alle barnehagane, og skulle dei vere bekymra for at ein barnehage ikkje held seg innanfor lova, vil dei følgje opp og sette i verk tiltak.

Statsforvaltaren ser det kan vere ein risiko for ikkje å oppdage lovbrøt, dersom kommunen over lang tid ikkje fører tilsyn. Med grunnlag i innsendt dokumentasjon og intervju i dette tilsynet vurderer vi det ikkje som grunnlag for lovbrøt, men ber kommunen ta det med som eit innspel i det vidare arbeidet.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita gjennomfører rettleiing og vurderer val av metode i tråd med sine risikovurderingar.

3 Rettleiing

3.1 Rettslege krav

Barnehagemyndigheita må bruke lova og forskriftene i tråd med gjeldande rett når ho gir informasjon til barnehageeigarane om eigarpliktene i barnehagelova, jf. barnehagelova § 10 første ledd. Barnehagemyndigheita må vite kva for rettslege krav regelverket set til barnehageeigaren. Det rettslege kravet følgjer ikkje alltid direkte av lovteksten. Barnehagemyndigheita må bruke gyldige rettskjelder og leggje til grunn gjeldande fortolking frå nasjonale myndigheiter for å klargjere kva regelverket faktisk krev av barnehageeigaren. Rettleiinga skal være frivillig for barnehageeigaren.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.2.1 Nyttar barnehagemyndigheita rettleiing som verkemiddel for å sjå til at regelverket følgast opp?

Våre observasjonar:

Kommunen skriv i sin plan for tilsyn at dei ynskjer å vektlegge rettleiing, open dialog og gode samarbeidsrutinar, og at kommunen gjennom aktiv rettleiing, godkjenning og tilsyn ser til at barnehagane vert driven i samsvar med lovverket.

Kommunalsjef og barnehagemyndigheit viser til at dei brukar mykje rettleiing og at dei har faste møter både med barnehagestyrarar og barnehageeigarar. Dette er møter som barnehageleiar møte, nettverksmøte, nettverksgruppe, driftsmøte- kommunale barnehagar, fagdagar, regionalt kompetanse samarbeid med Høgskulen i Volda, leiarsamling Sjustjerna, tverrfagleg samhandlingsgruppe, ressursteam barnehage

spesialpedagogisk nettverk, nytt på nytt (nettverk for nyutdanna barnehagelærarar), barnehagebesøk – koordinator støttetiltak og barnehagebesøk- avdelingsleiar barnehage.

Vår vurdering:

Kommunen nyttar mykje rettleiing som verkemiddel i sitt arbeid. Møter og arenaer for rettleiing er dokumentert, både gjennom intervju og tilsendt dokumentasjon. Barnehagemyndigheita har nært samarbeid med barnehagane, private eigarar gir uttrykk for at dei inkluderte og vert tatt med på lik linje med dei kommunale barnehagane. Barnehagemyndigheita følger tett opp styrarar og eigarar om det er risiko for at regelverket ikkje vert følgt.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita brukar rettleiing som verkemiddel for å sjå til regelverksetterleving etter barnehagelova.

3.2.2 Er barnehagemyndigheita si rettleiing basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?

Våre observasjonar:

Kommunen nyttar Lovdata og Utdanningsdirektoratet sine sider og held seg oppdatert på andre aktuelle nyhende. Dette dannar grunnlaget for vurdering av behov for og gjennomføring av rettleiing. Barnehagemyndigheita informerer styrarar og eigarar på ulike møter. Dette kan til dømes vere regelverksendringar eller nytt på fagområdet. Barnehagemyndigheita samarbeider òg tett med andre kommunar som innanfor arbeidet med kompetanseutvikling i Sjustjerna.

Vår vurdering:

Gjennom eigenvurderinga i RefLex, innsendt dokumentasjon og intervju syner barnehagemyndigheita at ho har oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova. Dette vert bekrefta i intervju med dei andre deltakarane i tilsynet.

Konklusjon:

Statsforvaltaren konkluderer med at barnehagemyndigheita si rettleiing er basert på oppdatert og rett forståing av barnehagelova.

4 Tilsyn

4.1 Rettslege krav

Barnehagemyndigheita skal bruke tilsyn som verkemiddel der det er nødvendig, jf. forskrift om overgangsreglar til barnehagelova §§ 1 og 2 første og andre ledd. Tilsyn er kontroll av om barnehageeigaren oppfyller eigarpliktene i barnehagelova. Dette inneber at barnehagemyndigheita ikkje kan føre tilsyn med forhold som ikkje er regulerte i barnehagelova. Tilsyn er utøving av offentleg myndigheit, og inneber å undersøkje praksis og påleggje endring av lovstridig praksis. I motsetning til rettleiing kan barnehagemyndigheita gjennomføre tilsyn mot barnehageeigaren sin vilje. Vurderinga av om det er nødvendig med tilsyn, skal baserast på barnehagemyndigheita si risikovurdering.

Barnehagemyndigheita må bruke lova i tråd med gjeldande rett når ho føre tilsyn. Barnehagemyndigheita må vite kva for rettslege krav regelverket set til barnehageeigaren. Det rettslege kravet følgjer ikkje alltid direkte av lovteksten. Barnehagemyndigheita må bruke gyldige rettskjelder og leggje til grunn gjeldande fortolking frå nasjonale myndigheiter for å klargjere kva regelverket faktisk krev av barnehageeigaren.

Barnehagemyndigheita må ha nok og eigna informasjon om barnehagen sin praksis til å kunne vurdere og konkludere på om barnehageeigaren oppfyller eigarpliktene i barnehagelova med forskrifter. Det følgjer av forvaltningslova § 17 at barnehagemyndigheita må opplyse saka så godt som mogleg før ho gjer vedtak.

For å sørge for regelverksetterleving må barnehagemyndigheita vurdere og konkludere på om praksis er i tråd med regelverket eller ikkje innfor tema i tilsynet. For å kunne konkludere må barnehagemyndigheita vurdere barnehagen sin praksis opp mot dei aktuelle rettslege krava.

Barnehagemyndigheita må formidle sine vurderingar og konklusjonar frå tilsynet skriftleg til barnehageeigaren, uavhengig av om ho har avdekt brot på regelverket i tilsynet eller ikkje. Der barnehagemyndigheita har avdekt brot, vil det vere vanskeleg for barnehageeigaren å endre praksisen sin utan å få vurderingane og konklusjonane frå tilsynet skriftleg. Der barnehagemyndigheita ikkje har avdekt brot, tilseier likevel dei ikkje lovfesta prinsippa om forsvarleg saksbehandling og god forvaltningsskikk at barnehageeigaren har krav på å få vite kva for vurderingar som er gjorde i tilsynet, og kva for konklusjon barnehagemyndigheita har falle ned på.

Det er nødvendig med skriftleggjing av barnehagemyndigheita sine vurderingar og konklusjonar for å sikre etterprøving og likebehandling. Vidare er det nødvendig at den skriftlege rapporten blir formidla til barnehageeigaren for å sikre at barnehageeigaren sin rett til kontradiksjon blir teken vare på. Tilsynsrapporten inneheld konkrete beskrivingar av barnehagen og barnehagemyndigheita sine vurderingar og konklusjonar som det er viktig at barnehageeigaren får moglegheit til å uttale seg om.

Barnehagemyndigheita kan ikkje gi pålegg om retting i andre tilfelle enn der ho har funne at eit forhold er i strid med barnehagelova med forskrifter, eller er uforsvarleg, jf. forskrift om overgangsreglar til barnehagelova § 2 andre ledd andre punktum.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Våre observasjonar:

I fylgje Basil (Utdanningsdirektoratet sitt rapporteringssystem) har ikkje Volda kommune hatt tilsyn verken munnleg eller skriftleg etter at kommunen vart slått saman med Hornindal kommune. Kommunen har vurdert at rettleiing har vore mest hensiktsmessig som verkemiddel i denne perioden.

Vår vurdering:

Kommunen har grunngeve sine vurderingar for val av rettleiing som verkemiddel godt. I og med at det ikkje har vore gjennomført tilsyn dei siste to åra, er det ikkje grunnlag for å vurdere spørsmåla som omhandlar gjennomføring av tilsyn.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.